

Røyni – Røyne (gnr. 25)

Røyni: Gamalt gardnamn som etter denne eldste kjente form truleg viser tilbake til røyni, ein lund av rognetre. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men som regel godt kjenneleg.

Av dei eldste minne om manns ferd her på Røine er elles koksteinhaugar, formfunn og gamle hustufter på Gammelgarden. Formfunna er dessverre ikkje blitt registrert.

I skrivne kjelder er Røyni, Ræyni nemnt både i 1367 og i 1386. I båe tilfella er desse dokument skrive på Røine, som altså då var ein sentral stad i Vingrom. I eit diplom av 1407-08 er "Ronecz kirkue" omhandla, og kyrkja der er og nemnt i 1427. Båe i 1407 og 1429 er elles namnet skrive Røne. I 1557-58 finn ein for første gong namnet skrive Røine, og landskylda av garden vart da utreidd med 2 huder og 3 bismarpund fisk. Det går vidare fram at Røine, som da var krongods, før hadde vore bispegods under Hamarbiskopen. Dessutan kom da til den brukande jorda på Røine eit gardsbruk Bø av gamal skyld 1 hud, som tilhørde Fåberg presteombod, men vart bygsla og brukt av husbonden på Røine. Tradisjonen fortel at dette Bø var det nå søre jordet på Røine.

Vi ferdast altså her både i fortids tun og på fortids kyrkjevang. Og gamle Røine følgde opp og vart ein heimstad for kulturell innsats også i nyare tid. Når det gjeld landskylda av Røine i 1567-58, merker ein seg elles at ein stor del av utreidsla vart svara i fisk. Det var altså kjent til topps at Røine også i den tid hadde eit heller stort og årsikkert fiske.

I Akershus lensrekneskap frå denne tid finn ein etter kvart fleire opplysningar om garden Røine: - Her er såleis fortalt at i 1609 hadde ein mann ved namn Gunder fått 1. bygsel på grd. Røine, og bygslaren svara med det same 16 riksdalar i bygselpengar. Da Gunder Røine i 1613-14 svara "Holding" av bygsla si, er elles landskylda av Røine oppgitt til 4 huder krongods. I 1615 er det og fortalt at "Gunder Rønne" og hadde slåtteland på "Rind", Aamot og ved Rinna.

Same Gunder Rønne var og sikkert ein høgt vørd mann i bygda. Da det i 1615 vart vald ei 6-manns lagrett til å dømme i saka til Anders Svenske "som slo ihjæl Peder Gustum", vart Gunder Rønne valgt som 1. lagrettemann.

Gunder var framleis bygslar og brukar av Røine og i 1619-20, og landskylda er da atter oppgitt til 2 huder 3 pund fisk. I år 1624 kom det elles ei meir detaljert jordebok over odelsbønder og leiglendinger. Der er det vidare om Gunder Rønne tydeleg fortalt at han forutan å vera leiglending av krongodset, og var jordeigande bonde m. a. av: 4 skinn i Nordre Hoffuin, 4 skinn i Solberg i Gudsdal og ei ½ hud i Holleback i Ringsaker.

Gunder var framleis brukar på Røine også i 1645. Han betalde da den ekstra kopskatten 1645 for 2 vaksne mannfolk og 2 vaksne kvinnfolk med tilsm. ½ dlr. i pengar. – Dette var i dei langvarige krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein annan ekstraskatt, nemleg kvegskatten 1657, der skatten vart utrekna etter krøtertalet. Her er det så fortalt at det da hadde vore brukarskifte på Røine. Den nye heitte Peder, og husdyrhaldet hans på Rønne da var: 2 hestar, 5 hopper, 28 naut, 19 geiter, 54 sauer og 4 griser, tilsaman 112 husdyr. Det var i sanning ikkje lite, og av alle gardbrukarar i Fåberg i den tid var det berre sognepresten herr Zacharias Sørensen som hadde fleire, nemleg 135 husdyr og deriblant 5 hopper. Her tek vi og med at av

1667 er og ei tinglese sak som her er av stor interesse. Ein mann ved namn Michell Olsen Rønne let da tinglesa eit gavebrev om Røine i Fåberg mellom han og kona si, Kirsten Halvordsdtr. Vi får seinare så at Michell etter det var vorte brukar på Røine.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysninar om gardane. Der er det om "Rønne" så vidare fortalt at Michell hadde tatt over som bygslar og brukar, men eigarar av rønne var da Jørgen Filipsen og Fåberg prestebolig for 1 hud. Buskapen av store husdyr var da 6 hestar og 28 naut, og korntienda vart utreidd med 5 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 55 tønner. Det er elles oppgitt at "Engen er goed, Schoug til giertzfang, Sommerbeed i Alchien Setter". Ein merker seg og at landskylda da kunne bli innkrevd i 6 ½ bismarpund smør.

Med det store husdyrhaldet som vi har sett det var på Røine i 1657, utvikla det seg elles slik at husbonden snart måtte skaffe seg slåtteland både her og der utanfor garden. Det er alt nemnt at Gunder Røine hadde slikt slåtteland i Aamot. I 1689 er det ved eit arveskifte som gjaldt "Røine i Lillehammer i Faaberg" fortalt at dette skiftet var på Oudenus. Det som her er nemnt, går og tydeleg fram av eit skjøte, som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Røine i Faaberg.

Tollersrud i Fåberg 8. mars 1686.

Skjøte fra Laugmand over Oplandene og Hedemarken, Jørgen Phillipsen, til Michel Olsen Rønne i Fåberg av skyld 4 huder samt en engeplass derunder kaldet Oudenus av skyld 2 kalveskind med bøkse. Dat. 27. jan. 1686."

I "Rulle over Gudbrandsdalens fogderis soldatlegder 1693" går det fram at Røine da låg til 4. legd i Fåberg saman med Hattestad, Døsen og Kindlien, og at dei rulleførde soldatar frå Røine da var "Jacob Jørgensen, tjenestedreng, 25 år, og tjenestedreng Erich Engebretsen, 39 år".

Michel Amundsen Rønne var framleis eigar og brukar av Røine i 1697. Han hadde da lånt 835 rd. av Jon Olsen Borud mot pant i grd. Røine, framleis av skyld 4 huder 2 skinn. – Men 3 år seinare selde så Michell Amundsen grd. "Røine i Faaberg" til Major Brochenhuus:

"Hestvelta i Fåberg.

Gaustum i Fåberg 25. juni 1701.

Major Otto Brochenhuus stevner Olle Hattestad til å fremlegge bevisligheter ang. sin adgang til den på Rønne eiendeler opryddede plads Heste Vælten. Avsagt: Efter de avlagte vidneprov ligger den omtvistede plads Hestevelten i Rønnes hjemraster, og da Olle Hattestad frivillig har tilbudt å avsta samme, så skal pladsen Hestevelten herefter tilhøre Major Brochenhuus på hans gaard Rønne".

Men 4 år seinare meldte oberst Jørgen Otto Brochenhuus englandet Hestvelta til Per Olsen Hattestad.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Her er det om "Rønne med Bøe ødegaard og Oudenus" fortalt at oppsittar på garden i denne tid var Peder Christensen. Elles er det om Røine m. a. oppgitt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Buskapen på garden var da 6 hestar, 2 føl, 39 naut og 39 småkrøter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 13 tønner bygg og litt rug. Vidare er det om garden og gardsbruket fortalt at det til Røine hørde eit "Fiskeri i Miøsen undertiden af nogen Fordeel." Det var seter med god hamn og slåttar til 6 lass høy, men derimot "skoug til

brendeved allene”. Det går elles fram at det da var 3 husmenn ved garden, men at berre 2 av dei hadde brukande jord.

I mellomtida hadde det i 1719 vore arveskifte på ”Rønne i Faaberg” etter dei avdøde husbondsfolka Christen Pedersen og Gunnild Erichsdr. Ein merker seg at jordegodset ved dette skiftet er registrert som ”Odelsgods”, og at det utgjorde: Røine av skyld 4 huder og ”underliggende Engeland Oudenhus ” som skylder 2 skinn. Arvingane ved skiftet var dei 4 borna i ekteskapet, nemleg: 1. Peder, som da var myndig, det vil seia over 20 år, 2. Erich, som og var myndig, 3. Oluf, 19 år, 4. Anne, som da var gift med Henning Øfren til Vingnes. – Året etter gav i 1720 dei nære slektingane Erich Christensen Unsum, Ole Christensen og Henning Vingnes skjøte til eldstesonen Peder Christensen på farsgarden Røine for kjøpesum 600 rd. Samtidig fekk og kjøparen Peder Christensen bygselseddel frå ”sogeneprest til Faaberg menighed herr Johan Rosing på engelandet Bøe Ødegaard som skylder årleg 1 hud til Faaberg Prestebol”.

Den nye husbonden Peder Christensen brukte farsgarden Røine til i 1756, da han skjøta ”grd. Rønne med Oudenhus ødegaard” av skyld 4 huder 2 skind over til sonen sin Tosten Pedersen for 2000 rd. – Frå 2 år seinare er ”Fogdens bygselseddel til opsidderne på Rønne, Hoff og Rafnum på sætrene Aalkind og Wicmo(n)den med græsløkker i almindingen”. Det var visserle geit verdifullt dokument i dei dagar.

Husbonden Tosten Pedersen, som i 1756 fekk skjøte på Røine, døde alt i 1763, og enka Marte Iversdr. født Thomlegifta seg da oppatt med Simen Simensen Fougner, som samtidig fekk bygselseddel frå den lærde sokneprest til Fåberg, herr Ole Irgens, på bruken av ”ødegaarden Bøe af skyld 1 hud beliggende i Vingerum i Faaberg”.

At Simen Simensen Rønne framleis var brukar av garden, går tydeleg fram av ein kontrakt av 17. febr. 1773 mellom han og borna til avdøde Tosten Rønne, som hadde odelsretten til Røine. Stefaren Simen Simensen og husfrua Marte Iversdr. hadde elles og ei dotter: Ingeborg som var født 12. mai 1777. – Av same året, altså 1777, er og ei kvittering der det tydeleg går fram at ”Pladsen øvre Diget” i Vingrom og var lagt til Røine. – Av år 1793 er elles ei kvittering som ein merker seg, med di lensmann Ole Nielsen i Ringsaker der kvitterer for den arv kona hans Anne Tostensdr. da hadde mottatt etter far sin, nemleg avdøde Tosten Pedersen Rønne. Fire år seinare gav i 1797 husfrua Marte Iversdr. med lagverge Ole Nielsen skjøte til ”Sin Søn Peder Tostensen, løytnant ved det Danske Livregiment” på Røine med ”underliggende Oudenhus Ødegaard 2 huder 2 skind og 3 bpd. fisk for 1999 rd. samt føderaad som ved Kontract av d.d. er bestemt”. Samtidig lånte kjøparen, løytnant Peder Tostensen, den sum av 1599 rd. av halvsøster si Ingeborg Simensdr. mot 1. pr. pant i garden Røine.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 9 familiar på eller ved Røine. Dei var:

1. familie. 1. Marthe Iversdr., husmoder, bondekone gaardbeoer, 66 år, 2. Christopher Hanssen, tenestkar, 25 år, 3. Arne Halvorsen, tenestkar, 40 år, 4. Christen Amundsen, tenestkar, 15 år, 5. Berit Christophersdr., tenestkvinne, 32 år, 6. Anne Østensdr., tenestkvinne, 42 år, 7. Marit Poulsdr., tenestkvinne, 18 år, 8. Marit Hovelsdr., tenestkvinne, 34 år, 9. Berit Syversdr., enke, tenestkvinne, 37 år, 10. Kari Henningsdr., dotter hennar, 9 år, 11. Henning Henningsen, son hennar, 6 år, 12. Sigrid Hansdr., legdslem, 69 år.
2. familie: 1. Anders Olsen, ”Inderste uden jord, gaaer i Dag-Arbeide”, 2. Sønnøv Hansdr., kona hans, 29 år.
3. familie: (På nedre Diket). 1. Jacob Madsen, enkem. i 2. ekteskap, husmann med jord, 59 år, 2. Peder Thommesen, steson hans, skomaker, 36 år, 4. Marit Thommesdr., stedotter, 30 år.

4. familie: 1. Engebret Henningsen, husmann med jord, 37 år, 2. Eli Christensdtr., kona hans, 46 år, 3. Ole Engebretsen, son deres, 10 år, 4. Christen Engebretsen, son deres, 8 år, 5.

Christen Olsen, enkem., ”inderste uden jord, gaaer i Dagleie”, 76.

5. familie: 1. Iver Erlandsen, husmann med jord, 43 år, 2. Aaste Pedersdtr., kona hans, 38 år, 38 år, kona hans, kona hans, 38 år, 3. Kari Pedersdtr., tenestkvinne, ugift, 29 år.

6. familie: 1. Anders Olsen, husmann med jord, 41 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 40 år, 3. Ole Andersen, son deres, 10 år, 4. Christen Andersen, son deres, 1 år, 5. Marit Andersdtr., dotter deres, 8 år, 6. Martha Andersdtr., dotter deres, 5 år.

7. familie: 1. Ole Amundsen, ”Inderste uden jord og gaaer i Dagleie”, 75 år, 2. Malene Engebretsdtr., kona hans, 71 år.

8. familie: (På øvre Diket). 1. Hans Thorgersen, ”Sergeant ved de Nationale & bruger Jord”. 44 år, 2. Gunnild Pedersdtr., kona hans, 37 år, 3. Thorger Hansen, sonen hans, 7 år, 4. Gunnild Olsdtr., dotter hennes, 12 år.

9. familie: 1. Thorger Olsen, husmann med jord, 44 år, 2. Ingebor Svendsdtr., kona hans, 40 år, 3. Ole Thorgersen, son deres, 1 år, 4. Ingebor Thorgersdtr., dotter deres, 3 år, 5. Hans Olsen, ”Inderste uden jord, Skoemager”, 28 år.

Året etter, altså i 1802, ville fogden ha rede på kven som da dreiv gjestgiveri i Fåberg. Det førde til ei sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Fåberg 15. febr. 1802.

På fogdens forespørsel opplystes bl. a. at her ikke er andregjestgiveri enn Hammer, Rønne og Jørstad, hvilke er nødvendige for de reisende, uten at beboerne har nogen fordel derav. Og ingen anden landkremmer enn madame Calmeyer. Lensm. Flifleth eier og bruker dragonkvarteret Smestad av skyld 4 huder”.

Det gjestgiveriet Rønne som her er nemnt, var på ”Lille-Rønne” eller ”Diget Neder”, som det og vart kalla.

I år 1803 hadde løytn. Peder von Rønne, som han skreiv seg, overtatt garden Røine. Han fekk da bygselseddel frå sokneprest Andreas Broch på ”Bøe Ødegaard, et slåtteland, av skyld årlig til prestebølet 1 hud med bygsel og landskyld, som hans mor Marte Iversdtr. Rønne har brukt hittil, men som hun nu godvillig overlater til sin søn. Denne ødegaard skal han bruke og beholde så lenge han lever og eier gården Rønne, og efter ham hans enke om han gifter sig og han dør før henne. Anm. På dette slåtteland finnes ikke huser og det er heller ingen skog til samme.”

Men i 1811 var det atter enka husfrua Marthe Iversdtr. som hadde heimel på grd. Røine, og den 14. juni s. å. gav ho så skjøte til svigersonen sin, lensmann Ole Nielsen i Ringsaker. Så å seia samtidig fekk og lensmann Ole Nielsen bygselseddel frå provst Broch på Bøe Ødegaard under Røine.

Sju år seinare ville fogden ha skriftleg kven som da egentleg åtte og brukte garden Røine i Fåberg og garden Stolpestad i Ringsaker, Dette førde til ei sak som m. a. etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Fåberg 18. juni 1818.

Konst. Foged Møller bad gjennom tingsvidne opplyst om følgende gårde og gårddele i Fåberg er brukt som underbruk i året 1818 og hvem som brukte samme i bemeldte år: Nemlig M.nr. 16 Rønne av skyld 3 huder 2 skind 3 bpd. fisk som brukes med grd. Stolpestad i Ringsaker.

Lensmannen, laugrettet og almuen opplyste at Rønne i Fåberg bruktes av lensmann Nielsen og Stolpestad av Ole Ouren, men lensm. Nielsen hadde solgt Stolpestad til Ole Ouren.”

Med det samme røper vi alt her at Ole Ouren da var svigerson til lensmann Nielsen, med di han vart gift med dotter hans, jomfru Mathea f. 1792.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Rønne” oppgitt at buskapen av store husdyr da var 8 hestar og 40 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 120 tønner. Vidare er det og oppgitt at det til Røine låg 6 husmannsplassar.

Lensmann Ole Nielsen, Ringsaker, som flytte til Røine kring 1827, var ein godt utrusta mann som ikkje minst hadde kulturelle interesser. Han dreiv såleis med kunstmåling som hobby, var ein god teiknar og hadde ei sær pen handskrift. Lensmann Ole Nielsen var som før nemnt gift med Anne Tostensdr. Rønne, og dei hadde 4 døtre, nemleg: a. Alette Petronelle f. 1792 på Stolpestad, b. Mathea f. 1793 på Stolpestad, og som som i 1814 vart gift med Ole Pedersen Ouren f. i Balke, Toten, c. Grethe Marie f. 1795, d. Petronelle Nielsen f. 1797, også på Stolpestad. Faren, lensm. i Ringsaker Ole Nielsen døde her på Røine d. 4. jan. 1839, og mora, enkefru Anne Nielsen døde på Røine d. 10. novbr. 1843.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Røine fekk da som si nye matrikkelskyld : 20 skylddalar 3 ort 9 skilling, og det var da Ole Ouren som hadde tatt over som eigar og brukar av Røine.

Den daverande husbond på Røine, Ole Pedersen Ouren f. 1787, hadde og ei tid frå 1815 til 1727 vore lensmann i Ringsaker. Ole Ouren har elles fått det ettermæle at han var ein roleg, gemytleg og selskapleg mann med ei utprega rettferdskjensle. Han var som før nemnt gift med Mathea Olsdr. Nielsen, og dei hadde i sitt ekteskap 7 born. Faren Ole Ouren brukte så sjølv garden til i 1853, da han skjøta Røine over til eldste sonen Torsten T. Ouren for kjøpesum 4000 spd. og eit føderåd verdsett til 475 spd. – Nett i desse år var elles den store utskifting av Fåberg Vestfjell, der Røine hadde gamle hevdvundne rettar både til hogst og hamning.

Fire år seinare fekk i 1857 den nye husbonden Tosten Olsen Ouren ”Kongeligt Skjøte” på den benefiserte del av garden, nemleg Bø Ødegaard, framleis av gl. skyld 1 hud, for kjøpesum 1500 spd. + ei årleg avgift til Fåberg sokneprest. Dette skjøtet vart elles tinglese først den 21. novbr. 1859. Etter atter fire år var det i 1863 ei skylddelingsforretning, og den før fleire gonger nemnde Oudenhuus Ødegaard vart da fråskilt Røine og selt til andre. Den samla skylda av desse bruksnummer vart da sett til 1 skylddalar 1 ort 1 skilling.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Rønne oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 587 mål, og av dette var 221 mål av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Røine i den tid var: 8 hestar, 33 storfe og 33 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til Røine tilsaman 12 storfe og 42 småfe. Først på same måten var samtidig den årlege utsæd på sjølve garden: Ca. 18 tønner korn og 30 tønner settepoteter, men dertil var den samla utsæd på plassane til garden: 6 tønner korn og 10 tønner settepoteter. Eigar og brukar i denne tid var framleis Tosten O. Ouren. – Fem år

seinare var det i 1870 av Skjelbrei- og Aalkjernmarkens Sameigeskog, der Røine og hadde gamle hevdvundne rettar til hamning og hogst.

År 1886 kom den lange førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. her i den nye matrikkelen er så gardnamnet skrivne Røine, og garden fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 25 av samla skyld 29,26 mark. Eigar og brukar av garden var framleis Tosten Ouren. Ein merker seg elles at med si nye matrikkelskyld på 29,26 mark var Røine framleis ein av dei største gardane i Fåberg.

Om Tosten Ouren f. 1827, som det her gjeld, er elles å fortelja at han hadde overtatt Røine i 1854 og i 1857 gifta seg med Kristiane Iversdtr. Sorgendal. Som friske og sterke folk fekk dei fleire born, deriblant sonen Ole Andreas, som vi snart skal høre meir om. Faren Tosten Ouren f. 1827 var elles ein sær driftug og dugande gardbrukar, som bygde ut ættegarden Røine på fleire måter. han grøfta ut og dyrka ny jord, og han utvida og restaurerte gamle hus og bygde fleire nye, såleis både fjøsbygningen drengestuebygningen. Dertil restaurerte han både den søndre stugubygningen og den nordre hovudbygningen. Det var enda i året 1877. – Tosten Ouren gjekk elles for å vera ein harddrivar som stelte store krav til arbeidsfolket sitt, men det gjorde han og til sine egne og seg sjølv. Men i 1894 gav så den høgt vørde husbonden skjøte til Ole Andreas Ouren. Kjøpesummen for Røine var da kr. 20000,- , og dessutan eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 2500,-. Den og høgt vørde husfrua Kristiane Ouren døde i 1896, men mannen og husbonden Tosten Ouren levde til i 1908. Båe skal vera gravlagde på gravplassen ved Børkje.

Som eit streif av nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i Fåberg i 1907 budde det da 12 personar med røysterett på og/eller ved Røine. Dei 12 var: 1. Gardbr. Andreas Torsteinsen Ouren, Røine, 49 år, 2. Husmor Marie E. Ouren, kona hans, 37 år, 3. Husmann Fredrik Kristiansen Vasrud, 41 år, 4. Husmor Oline Vasrud, kona hans, 48 år, 5. Husmann Kristian Ingebretsen Røineslien, 62 år, 6. Ingeborg Røineslien, kona hans, 65 år, 7. Husmann Ingvald Røineslien, Røineslien, 33 år, 8. Ida Hansdtr. Røineslien, kona hans, 9. Husmann Karl Kristiansen Roligheiten, Roligheiten, 26 år, 10. Husmann Petter Kristiansen Mjølboen, Røinesengen, 58 år, 11. Husmann Markus Danielsen, Mjølboen, 29 år, 12. Anna Danielsen, Mjølboen, kona hans, f. 10.6.1882. – Ein merker seg her at dette enda var i den tida da røysterettsalderen var 25 år. Ein merker seg og at på husmannsplassen Stubberud ved Røine var det nok ved dette valet ingen som hadde røysterett.

Husfrua Marie E. Ouren som er nemnt i manntalet av 1907, var født Homb, og ho og husbonden Andreas T. Ouren hadde i sitt ekteskap fleire born, deriblant sonen Thorstein A. Ouren, som seinare overtok ættegarden. – Husbonden Andreas Ouren hadde utdanning frå Hamar Lærarskole, men praktiserte berre ei kort stund som lærar. Derimot var han ei tid formann i Fåberg skulestyre. Andreas Ouren hadde elles stor interesse for livdyravl av husdyr, både hest og ku. Han var såleis utstillar ved jubileumsutstillinga i Oslo i 1914 og fekk 1. premie både for gruppe og samling (dølafe). – Fru Marie Ouren f. Homb levde lenger enn husbonden Andreas, som døde 9/12- 1915. Enkefru Marie Ouren brukte så sjøkv Røine til i 1927, da ho skjøta garden over til sonen Thorstein, som elles i mangt og mye hadde stått for drifta frå 1923.

Unge Thorstein A. Ouren var elles tidleg ansett som ein både dugande og driftug gardbrukar. Men den 15. febr. 1960 hendte så den triste ulykka at han døde ved ei traktorulykke under skogsarbeid. Beltetraktoren han kjørde steila og fall bakover.

Av handlar i seinare tid med garden Røine og/eller parsellar av garden tek vi her vidare med at i 1931 hadde så Even Haugen Lunde kjøpt ein parsell grn. 25 brn. 2 Røinesslåttan, og Olav Lundevolden kjøpte samtidig gr. 25 brn. 3 Bergtun, båe bruk skyld 0,02 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det i den tid likevel berre eitt bruksnr. under grn. 25 Røine med eit jordbruksareal av åker, hage og eng som eit større gardsbruk. Det var: Grn. 25 brn. 1 Røine med Vasrud, Røineslien, og Rolegheita med tilsaman eit jordbruksareal på ca. 590 mål (dekar), som Thorstein A. Ouren altså i den tid var eigar av.

Når det gjeld meir om ættegarden Røine og Ourenslekta i Fåberg, viser ein elles til det interessante bokverket av Henrik Anker Ouren: "Omkring Røine".